

Vestfold og Telemark fylkeskommune
Postboks 2844
3702 SKIEN

Deres ref

Vår ref

Dato

20/50-9

17. desember 2020

Oppdragsbrev for Statsbudsjettet 2021 – tilskot til Vestfold og Telemark fylkeskommune

Tilsegn nr: 510 007

Innleiing

Vi syner til Prop. 1 S (2020–2021) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Innst. 16 S (2020–2021). Kommunal- og moderniseringsdepartementet, heretter departementet, følgjer opp budsjettvedtaket frå Stortinget for 2021, datert 15. desember 2020 gjennom dette oppdragsbrevet.

Brevet omfattar oppdrag under programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk. Ramma er fastsett til 50,075 millionar kroner. Departementet vil utbetale midlane i to omgangar, i januar og august.

Innhald

1.	Programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk	3
1.1.	Regional- og distriktpolitiske mål.....	3
1.2.	Ramme til distrikts- og regionalpolitiske føremål.....	3
1.3.	Mål for innsatsen til fylkeskommunane	4
	Mål 1: Vekstkraftig næringsliv, verdiskaping og attraktive arbeidsmarknader i regionar og distrikt.....	4
	Kap. 553, post 61 Mobiliserande og kvalifiserande næringsutvikling.....	4
	Kap. 553, post 65 Omstilling	5
	Mål 2: Regional utvikling over landegrensene og i nordområda	6
	Kap. 553, post 63 Interreg og Arktis 2030	6
1.4.	Anna relevant innsats	6
	Kompetansepilotar (kap. 553, post 62)	6
	Klyngjer og innovasjon (kap. 553, post 74)	7
	Transnasjonale og interregionale Interreg-program (kap. 553, post 76).....	7
1.5.	Rapportering, evalueringar og kontroll	7
	Rapportering og registrering av rammer og tilsegner	7
1.6.	Den regional- og distriktpolitiske rolla til fylkeskommunen.....	9
	Fylkeskommunane som regionale samfunnsutviklarar	9
	Samarbeid med verkemiddelaktørane	10
2.	Breibandutbygging.....	11
3.	Fristar i 2021 og 2022.....	12
4.	Avslutning.....	13
5.	Vedlegg	13

1. Programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk

1.1. Regional- og distriktpolitiske mål

Målet for regional- og distriktpolitikken er regional balanse gjennom vekstkraft, likeverdige levekår og berekraftige regionar i heile landet. Ein berekraftig region har balansert befolkningssamansetjing, og forvaltar menneskelege ressursar og naturressursar for utvikling og verdiskaping, no og i framtida. Dette vil leggje til rette for å oppretthalde hovudtrekka i busetjingsmønsteret.

Midlane over programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk er øyremerkte økonomiske verkemiddel for å medverke til å realisere dei nasjonale regional- og distriktpolitiske måla.

Tabell 1 Mål for programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk

1. Vekstkraftig næringsliv, verdiskaping og attraktive arbeidsmarknader i regionar og distrikt
2. Regional utvikling over landegrensene og i nordområda
3. Styrkt utviklingskapasitet og velfungerande tenestetilbod i distrikta

Departementet har justert måla for programkategori 13.50 i budsjettet for 2021. Måla har til no vore knytt til løyvinga under programkategori 13.50, men frå og med 2021 er måla utvida til og å gjelde arbeidet med sektorpolitikken.

1.2. Ramme til distrikts- og regionalpolitiske føremål

Samla løyving til fylkeskommunane over programkategori 13.50 er på om lag 955 mill. kroner for 2021. Vedlegg 2 syner fordelinga av løyvinga for kvar ein skild fylkeskommune. Løyvinga til Vestfold og Telemark fylkeskommune ligg i tabell 2 under.

Tabell 2 Mål, kap./post og løyving (i mill. kroner) for 2021 til Vestfold og Telemark fylkeskommune

Mål	Kap./post	Nemning	Løyving
1 Vekstkraftig næringsliv, verdiskaping og attraktive arbeidsmarknader i regionar og distrikt	553.61	Mobiliserande og kvalifiserande næringsutvikling	42,075
	553.65	Omstilling	8,000
2 Regional utvikling over landegrensene og i nordområda	553.63	Interreg og Arktis 2030*	0
Sum			50,075

*Løyvinga omfattar dei programma fylkeskommunen har sekretariatsansvar for (sjå vedlegg 3)

Departementet tildeler midlane over programkategori 13.50 til fylkeskommunane som tilskot utan krav om tilbakebetaling, jf. romartalsvedtak IX i Innst. 16 S (2020–2021). Det vil seie at fylkeskommunane kan disponere midlane uavhengig av kva år løyvinga er gjort. Det er ikkje høve til å overføre midlar mellom dei ulike budsjettpostane i oppdraget.

1.3. Mål for innsatsen til fylkeskommunane

Mål 1: Vekstkraftig næringsliv, verdiskaping og attraktive arbeidsmarknader i regionar og distrikt

Kap. 553, post 61 Mobiliserande og kvalifiserande næringsutvikling

Som ein del av regionreforma, fekk fylkeskommunane i 2020 oppdragsgjevaransvaret for mobiliserande og kvalifiserande næringspolitiske verkemidlar forvalta av Innovasjon Noreg og Siva. Vedlegg 1 gir ei oversikt over dei aktuelle verkemidla fylkeskommunane kan nytte seg av.

Midlane er fordelt til fylkeskommunane etter ein berekningsmodell som inneheld ein distriktsdel og ein regionaldel. Distriktsindeksen vart revidert i 2020 og vert nytta i fordeling. Fordelingsverknadene av ny distriktsindeks vert fasa inn over to år. Sjå vedlegg 2 for ei fylkesvis fordeling av posten og detaljert skildring av fordelingsmodellen.

Oppdragsgjevaransvaret

Fylkeskommunane har ansvaret for å utforme og finansiere oppdrag til Innovasjon Noreg og Siva i sitt fylke, ut frå regionale behov og prioriteringar. Departementet har laga retningslinjer for posten i samråd med fylkeskommunane, Siva, Innovasjon Noreg og Nærings- og fiskeridepartementet. Aktørane sine oppgåver og ansvarsområde er omtalt, sjå vedlegg 7. Innovasjon Noreg og Siva skal forvalte midlane i tråd med gjeldande programplanar. Fylkeskommunane har ansvaret for styringsdialogen med Innovasjon Noreg og Siva for dei fylkeskommunale oppdraga. Dette omfattar dialog om resultat, måloppnåing og effektivitet innan den einskilde ordninga, revisjon av ordningar, utvikling av satsingsforslag og innspel til statsbudsjettet. Fristane for når fylkeskommunane skal ha sendt innspel til budsjett og nye satsingar til departementet, ligg i pkt. 4 Fristar i 2021 og 2022 og vedlegg 7.

Målet

Målet med verkemidla er å medverke til å mobilisere og utvikle eit verdiskapande næringsliv i distrikt og regionar. Målgruppa er verksemder og entreprenørar i heile landet. Kriteria for måloppnåing er at verdiskapinga, omsetninga, sysselsetjinga og nyskapinga veks i distrikta og regionane. Kriteria varierer mellom dei ulike verkemidla.

Forvaltinga av midlane

Løyvinga inkluderer administrasjons- og gjennomføringskostnader for forvaltinga Innovasjon Noreg gjer av verkemidla. Kvar fylkeskommune har ansvaret for å dekkje alle administrasjons- og gjennomføringskostnadene for sitt oppdrag til Innovasjon Noreg, i samsvar med basiskostnadsmodellen. Innovasjon Noreg sentralt bereknar vederlaget for administrasjons- og gjennomføringskostnader for kvart fylkesoppdrag, basert på erfaringstal. Vederlag for særskilde satsingar utover dei ordinære tenesteleveransane, må Innovasjon Noreg avtale med den einskilde fylkeskommunen.

Departementet vil overføre dei samla administrasjons- og gjennomføringskostnadene direkte til Siva på vegne av fylkeskommunane. I 2021 utgjer dette 16,32 mill. kroner. Talet er fastsett i dialog mellom fylkeskommunane og Siva.

Kvar fylkeskommune har høve til å nytte inntil 100 000 kroner over posten for å dekkje kostnadene fylkeskommunen har ved å forme oppdrag og gjennomføre styringsdialog med Innovasjon Noreg og Siva.

Fylkeskommunane skal sørge for at det ligg føre tilfredsstillande rutinar for oppdragsbrev, utbetaling av tilskot, styringsmøte, prosedyrar og krav til rapportering og eventuelle andre forpliktingar ovanfor Innovasjon Noreg og Siva. Departementet tilrår at fylkeskommunane som eit kollegium følgjer opp samla resultat, måloppnåing og effektivitet i det einskilde verkemiddelet, revisjon av verkemidla, utvikling av satsingsforslag og innspel til budsjett.

Departementet tilrår at fylkeskommunane nyttar malar for oppdragsbrev til Innovasjon Noreg og Siva (sjå vedlegg 5 og 6). Landbruks- og matdepartementet tilrår at fylkeskommunane sitt oppdrag til Innovasjon Noreg på landbruksområdet, vert teke inn i oppdragsbrev til Innovasjon Noreg knytt til kap. 553, post 61 jf. vedlegg 5.

Fylkeskommunane skal betale ut midlane i oppdraga til Innovasjon Noreg og Siva i to delar, og der første utbetaling skjer innan 1. februar og den neste i august. Det er særst viktig at fylkeskommunane følgjer fristane for utbetaling.

Programperioden for Næringshageprogrammet og Inkubasjonsprogrammet er forlengja til ut 2022. For å sikre ein god prosess for utviklinga av nye programforslag, bør fylkeskommunane i oppdragsbrev for 2021 be Siva om å halde fram arbeidet med programutvikling, med sikte på oversending av nye programforslag i samband med satsingsforslag for 2023. Revisjonen av programma skal skje i dialog mellom fylkeskommunane og verkemiddelaktørane, jf. retningslinjer for post 61. Departementet skal godkjenne programplanar for nye ordningar.

Kap. 553, post 65 Omstilling

Løyvinga skal nyttast til å styrkje næringsgrunnlaget og medverke til at det blir etablert nye arbeidsplassar i kommunar eller regionar som opplever at sysselsetjinga vert vesentleg redusert. Kriteria for måloppnåing er talet på arbeidsplassar som vert etablerte eller sikra, ein meir variert næringsstruktur og styrkja utviklingsevne.

Fylkeskommunen har ansvaret for omstillingsarbeidet i eige fylke. I omstillingsarbeidet er det viktig at fylkeskommunane, Innovasjon Noreg og omstillingskommunane samarbeider aktivt. Av løyvinga går 13,046 mill. kroner til Innovasjon Noreg, som er eit nasjonalt kompetanseorgan for lokalt og regionalt omstillingsarbeid. Innovasjon Noreg kan på oppdrag frå fylkeskommunane hjelpe omstillingsprosjekt i heile landet med råd, verkemiddel, rettleiing og kvalitetssikring.

Løyvinga er fordelt på grunnlag av innspel frå fylkeskommunane om kommunar eller regionar med vesentleg reduksjon i talet på sysselsette i hjørnesteinsverksemdar-næringar (sjå vedlegg 2). Fylkeskommunane fordeler midlane til omstillingskommunar.

Fylkeskommunane har òg meldt inn bekymringar for fleire kommunar, der utviklinga gir grunn til uro, men kor sysselsetjinga framleis ikkje er vesentleg redusert. Virusutbrotet har sendt næringslivet inn i ei særskild krevjande tid. Dei fulle konsekvensane av smitteutbrotet er forebels vanskelege å fastslå. Særleg reiselivsnæringa har mange permitterte, og regjeringa har lansert fleire tiltak og krisepakkar for å hjelpe mellom anna denne næringa gjennom krisa.

Forvaltninga av posten er regulert i [forskrift for distrikts- og regionalpolitiske virkemidler](#) sjå vedlegg 8.

Mål 2: Regional utvikling over landegrensene og i nordområda

Kap. 553, post 63 Interreg og Arktis 2030

Interreg

2021 er første året i ei ny Interreg- programperiode, som varer ut 2027. Løyvinga skal dekkje fylkeskommunane si deltaking i Interreg-programma Øresund–Kattegat–Skagerrak (ØKS), Sverige–Noreg, Sverige-Finland-Noreg (SEFINO) og Kolarctic. Midlane vert overførte til den fylkeskommunen som er sekretariat for det einsskild programmet. Ei oversikt over fordeling mellom programma og sekretariatsfylke kan de finne i vedlegg 3.

Det overordna målet med Interreg er ei balansert utvikling av EUs territorium gjennom samarbeid mellom land i Europa. Programma skal konsentrere seg om eit utval av desse måla: eit smartare Europa, eit grønarare Europa, eit meir samanknytt Europa, eit meir sosialt Europa og eit Europa nærare borgarane. Programdokument for kvart einsskild program regulerer satsingsområde, tildelingskriterium, kriterium for måloppnåing, aktivitetar og resultatoppnåing, evaluering og krav til innhald i årsrapporten. Programdokumenta for perioden 2021–2027 vil bli godkjende av norske styresmakter, samarbeidslanda og Europakommisjonen i 2021.

1.4. Anna relevant innsats

Under dette punktet har departementet lista opp relevant informasjon til fylkeskommunane om program, strategiar og arbeid som er viktige for måloppnåinga i programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk.

Kompetansepilotar (kap. 553, post 62)

Kompetansepilotar er ei treårig ordning (2020-2022) lansert i Meld. St. 5 (2019–2020) *Levende lokalsamfunn for fremtiden*. Kompetansepilotar skal medverke til å identifisere og mobilisere behovet til verksemdarfor kompetanseutviklande tiltak, og kople og leggje til rette

for eit tilpassa etter- og vidareutdanningstilbod i Distrikts-Noreg. Pilotane skal utvikle og teste ut ulike modellar for å få dette til. Ordninga er særleg retta mot små verksemdar.

Ordninga skal støtte den strategiske rolla og ansvaret for regional kompetansepolitikk som fylkeskommunane har, og forankrast i regionale planar og partnerskap. Alle fylkeskommunane, med unntak av Oslo kommune, deltek i piloten. Kompetanse Noreg forvaltar ordninga, og løyver midlar til den enkelte fylkeskommune i 2021 i tråd med vedteken prosjektplan og tilsegn frå 2020. Alle fylkeskommunane deltek i ein læringsarena under ordninga. KMD vil i 2021 starte opp evaluering av pilotane.

Klyngjer og innovasjon (kap. 553, post 74)

Departementet finansierer òg det nasjonale klyngjeprogrammet Norwegian Innovation Clusters, Innovasjonspartnerskap og Bioøkonomiordninga i Innovasjon Noreg, og Forskningsbasert innovasjon i regionane (FORREGION) i Forskningsrådet. I 2021 er det sett av 219,665 mill. kroner til desse programma under kap. 553, post 74.

Transnasjonale og interregionale Interreg-program (kap. 553, post 76)

Departementet finansierer norsk deltaking i dei transnasjonale Interreg-programma Østersjøen, Nordsjøen og Nordleg Periferi og Arktis og dei alleuropeiske programma Interreg Europe, ESPON, URBACT og Interact. Desse programma har det same overordna målet som dei grenseregionale programma. Programgeografi og -prioriteringar varierer mellom programma. I 2021 er det sett av 31,858 mill. kroner til desse programma under kap. 553, post 76.

1.5. Rapportering, evalueringar og kontroll

Rapportering og registrering av rammer og tilsegner

Alle tilskotsordningar skal kunngjerast på regionalforvaltning.no, med unntak for ordningar som Innovasjon Noreg og Siva forvaltar. Alle søkjarar må nytte fagsystemet for å sende inn søknader. Fylkeskommunane skal rettleie andre forvaltarar i bruken av regionalforvaltning.no, og sørge for at all informasjon om tilsegner er lagd inn på rett måte jf. vedlegg 4. Registreringane er naudsynte for at departementet skal rapportere inn rett bruk av midlane til Stortinget.

For Interreg er det sekretariatsfylka som har ansvaret for å registrere den statlege norske finansieringsdelen i regionalforvaltning.no.

For 2021 ber vi fylkeskommunane om å registrere inn fordelinga mellom Innovasjon Noreg og Siva og mellom verkemidla i regionalforvaltning.no på kap. 553, post 61. Som grunnlag for rapportering til Stortinget i budsjettet for 2022 ber KMD fylkeskommunen sende kopi av alle regionale oppdragsbrev til Siva og Innovasjon Noreg, og kopi av den fylkesvise rapporteringa frå verkemiddelaktørane (slik praksis er i dag).

I tillegg ønskjer KMD ei avgrensa rapportering frå fylkeskommunen innan 20.4.2021 (max 2 sider):

- Kva for vurdering ligg til grunn for dei regionale prioriteringane i fylkeskommunen sitt oppdrag til Siva og Innovasjon Noreg knytt til post 61 i 2020? (Dersom dette er utførleg gjort greie for i oppdragsbrev, kan fylkeskommunen vise til dette)
- Korleis vurderer fylkeskommunen resultatene i verkemiddelbruken i fylket i 2020, med omsyn til vekst i verdiskaping, omsetnad, sysselsetjing og nyskaping?
- Kor stor del av post 61 har i 2020 vorte nytta innan det distriktpolitiske verkeområdet i fylket? (Dersom dette kjem fram i årsrapporteringa frå Innovasjon Noreg og Siva, eller i den fylkesvise rapporteringa frå verkemiddelapparatet, kan fylkeskommunen vise til dette)

Kommunane har frist til å rapportere til fylkeskommunane 1. februar 2021 på tilskotet som gjeld kommunale næringsfond på kap. 553, post 61 for 2020. Fylkeskommunane må kvalitetssikre rapporteringa frå kommunane før den vert sendt til departementet. I dette ligg at fylkeskommunane går gjennom tilsegna med tanke på; prosjektittel og namn på prosjektsøkjjar og primærkategori, for å sjå til at desse kategoriane er korrekt fylt ut i regionalforvaltning.no. Frist for rapportering frå fylkeskommunane til departementet er 1. mars 2021 jf. pkt. 4 Fristar i 2021 og 2022.

Den nasjonale gruppemeldinga for regional transportstøtte går ut 31.12.2020. Dersom fylkeskommunane skal gje regional transportstøtte i 2021, må dei sjølve gruppemelde dette til ESA (jf. vedlegg 9 forskrift om virkeområdet for distriktsrettet investeringsstøtte og regional transportstøtte). Fylkeskommunane rapporterer til departementet for 2020 (sjå pkt. 4 under).

Evaluering

Langsiktige effektar av tiltaka vert målte gjennom evalueringar. Departementet vil drøfte aktuelle problemstillingar og tema for evalueringane med fylkeskommunane.

Departementet ber om at fylkeskommunane løpande melder inn evalueringar som er planlagde, sette i gang eller avslutta i 2021.

Kontroll

Departementet ber om å få melding straks om fylkesrevisjonane har hatt vesentlege merknader/funn som gjeld forvaltninga av midlane.

Bruk av attståande midlar frå gamle postar

Midlar som etter 2020 står att under kap. 550, post 62, og 64 og kap. 553, post 60, skal nyttast i høve til dei mål og vilkår som vart stilte då midlane vart løyvde. Bruk av midlar som står att, skal rapporterast i regionalforvaltning.no på same måten som tidlegare, og skal forvaltest i tråd med forskrifta om Kommunal- og moderniseringsdepartementets distrikts- og regionalpolitiske tilskotspostar (sjå vedlegg 8).

1.6. Den regional- og distriktpolitiske rolla til fylkeskommunen

Fylkeskommunane som regionale samfunnsutviklarar

Med regionreforma er den regionale samfunnsutviklarrolla til fylkeskommunane framheva og styrkt. Dette tilseier at fylkeskommunane har det leiande ansvaret for å utforme regionale strategiar for utvikling, og å utvikle, samordne og følgje opp regionale mål for utviklinga i sitt fylke. Dette inneber òg at fylkeskommunane skal mobilisere og samordne ulike lokale og regionale aktørar som er viktige for regional utvikling i fylket, slik at den samla innsatsen medverkar til at utviklinga i fylket går i den retninga ein ønskjer.

Regjeringa har bestemt at dei 17 berekraftmåla til FN, som Noreg har slutta seg til, skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid, også i Noreg. Det er derfor viktig at berekraftmåla blir ein del av grunnlaget for å fylle denne rolla med innhald. Dei nasjonale forventningane til kommunal og regional planlegging skal liggje til grunn for arbeidet. Med regionreforma er òg nye oppgåver og verkemiddel overførte til fylkeskommunane som reiskap i denne rolla. Fylkeskommunane bør og kan bidra til innovasjon og digitalisering, i dialog med Innovasjon Noreg, andre verkemiddelaktørar, statsforvaltar og distriktskommunane sjølv.

Områdegjennomgangen av det næringsretta verkemiddelapparatet

Regjeringa gjennomfører ein områdegjennomgang av det næringsretta verkemiddelapparatet. Fylkeskommunane og verkemiddelaktørane har vore involverte i arbeidet, gjennom innspelsmøte, bilaterale møte og skriftlege innspel til underlagsrapporten, som er utarbeidd av selskapa Deloitte og Menon Economics. Regjeringa har handsama områdegjennomgangen si tilråding om å flytte fleire næringspolitiske oppgåver til fylkeskommunane. Regjeringa vil overføre *Mobiliseringsdelen* av FORREGION- programmet til fylkeskommunane, som skal sjåast i samanheng med regionale forskingsfond (RFF). I tillegg vil oppdragsgjevaransvaret for FoU-program innan marin bioteknologi i Nord-Noreg (Mabit), overførast til fylkeskommunane Troms og Finnmark og Nordland. Regjeringa legg opp til at overføringa vert gjennomført frå 1. januar 2022, og vil legge fram forslag om oppgaveoverføringa i statsbudsjettet for 2022.

Regjeringa vil òg vidareføre eksisterande eigarstruktur i Innovasjon Noreg.

Samarbeid med Kompetansesenter for distriktsutvikling (Distriktssenteret)

Departementet oppmodar fylkeskommunane om å samarbeide tett med Distriktssenteret om å styrkje utviklingskapasiteten for samfunnsutviklingsarbeid i kommunar med særlege distriktsutfordringar. Distriktssenteret er ein viktig kompetansepartner for fylkeskommunane når dette arbeidet skal konkretiserast og setjast i verk. Distriktssenteret representerer kunnskap som kan vere relevant for dei utfordringane kommunane møter i sitt utviklingsarbeid. Departementet støttar opp om dei samarbeidsavtalane som er inngåtte mellom fylkeskommunar og Distriktssenteret.

Samarbeid med verkemiddelaktørane

Departementet forventar at fylkeskommunane har eit godt samarbeid med Siva, Innovasjon Noreg og Forskingsrådet om mål og strategiar for næringsutvikling i sitt fylke, og nyttar det regionale partnerskapet aktivt. Samarbeidet skal gje ei klar arbeidsdeling mellom aktørane, og skape ein god regional infrastruktur for innovasjon. Departementet støttar opp om avtalane som er inngåtte mellom fylkeskommunar og verkemiddelaktørane på fylkesnivå. Det strategiske samarbeidet med verkemiddelaktørane i fylket bør sjåast i samanheng med det styrkte oppdragsgjevaransvaret overfor Innovasjon Noreg og Siva.

2. Breibandutbygging

Regjeringa har som mål å sikre eit likeverdig tilbod av sikre elektroniske kommunikasjonstenester av høg kvalitet og til rimelege prisar over heile landet (mål 3 for programkategori 13.40). Tilskotet skal medverke til utbyggjing av breiband i geografiske område der det ikkje er kommersielt grunnlag for investeringar. Ordninga har tidlegare vore forvalta av Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit. Frå og med 2020 har fylkeskommunane overtatt forvaltninga av ordninga. Føremålet med ordninga er å medverke til at alle husstandar og private og offentlege verksemder får eit tilbod om breiband med god kvalitet. Hovudkriteriet for måloppnåinga er auke i tilgangen på breiband som blir realisert som følgje av ordninga.

Løyvinga til tilskotsordninga på kap. 541, post 60 er på 264 mill. kroner i 2021. Fylkeskommunane skal ha forvaltingsansvaret for midlane. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit vil føre vidare ei aktiv, fagleg rettleiingsrolle for bruken av midlane, mellom anna når det gjeld spørsmål om statsstøtteregelverket og for tredjepartstilgang. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit har sendt departementet forslag til fordeling av den økonomiske ramma per fylkeskommune og retningsliner for breibandtilskotet for 2021. Fordelinga av den økonomiske ramma skal mellom anna vere basert på oppdaterte dekningstal for breiband i Noreg. Forslaget er til vurdering i departementet. Vi tar sikte på at fordeling av ramma og retningsliner for tilskotsordninga vert sendt fylkeskommunane i eige brev over nyåret.

3. Fristar i 2021 og 2022

2021	
1. februar	frist for å sende inn rapportar for 2020 og endelege rammer per 31. desember 2020 i regionalforvaltning.no
1. februar	frist for å sende inn evalueringar og ev. revisjonsmerknader i 2020
1. februar	frist for forskotsutbetaling av midlar til Innovasjon Noreg og Siva
1. februar	frist for kommunane til å rapportere til fylkeskommunane på kommunale næringsfond
1. mars	frist for fylkeskommunane til å rapportere tilbake til KMD på kommunale næringsfond
1. mars	frist for Troms og Finnmark, Trøndelag og Nordland fylkeskommunar til å sende årleg rapport om omstillingsarbeidet i Sør-Varanger, Lierne og Andøy
1. mars	frist for å sende oppdragsbrev for 2021 til Innovasjon Noreg og Siva, med kopi til departementet
16. april	frist for innspel til budsjett for post 61 for 2022 (frå fylkeskommunane samla)
20. april	frist for innspel om omstillingsbehov i fylket i 2022
9. mai	frist for rapportering av transportstøtte for 2020
august	frist for andre utbetaling av midlar til Innovasjon Noreg og Siva
18. september	frist for Troms og Finnmark fylkeskommune for status på forbruk pr. 31. august 2021, tilskotsordninga for kvensk språk og kultur
27. oktober	frist for innspel til nye satsingar under post 61 for 2023 (frå fylkeskommunane samla), med kopi til Nærings- og fiskeridepartementet
2022	
1. februar	frist for å sende inn rapportar for 2021 og endelege rammer per 31. desember 2022 i regionalforvaltning.no
1. februar	frist for å sende inn evalueringar og ev. revisjonsmerknader i 2021

4. Avslutning

Vi ber om at fylkeskommunane orienterer deltakarane i partnerskapet sitt om innhaldet i dette brevet, og ønskjer fylkeskommunane og partnerskapa lukke til med arbeidet i 2021.

Oppdragsbrevet med vedlegg vert lagt ut på nettsidene til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Med helsing

Anne Karin Hamre (e.f)

Ellinor Kristiansen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer

5. Vedlegg

Vedlegg 1 Verkemidlane under kap. 553, post 61

Vedlegg 2 Fylkesfordeling

Vedlegg 3 Statlege midlar til Interreg

Vedlegg 4 Krav og veileidar til aktivitetsrapportering

Vedlegg 5 Mal til oppdragsbrev frå fylkeskommunane til Innovasjon Noreg

Vedlegg 6 Mal til oppdragsbrev frå fylkeskommunane til Siva

Vedlegg 7 Retningsliner kap. 553, post 61

Vedlegg 8 Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske veikemidlea

Vedlegg 9 Forskrift om virkeområdet for distriktsretta investeringsstøtte og regional transportstøtte

Kopi

Distriktssenteret

Innovasjon Norge Buskerud og Vestfold

Innovasjon Norge Hovedkontoret

Kompetanse Norge

Kulturdepartementet

Kunnskapsdepartementet

Landbruks- og matdepartementet

Norges forskningsråd

Nærings- og fiskeridepartementet

Riksrevisjonen

Sametinget

SIVA - Selskapet for industrivekst SF